

# Møtebok for Kyrkjeleg fellestråd i Kvam

**Saksnummer:** OSL/03/25  
**Innkallingsdato:** 5. mars 2025  
**Møtedato:** 19. mars 2025  
**Møtestad:** Øystese kyrkje  
**Møtetid:** 17.30-19.15

**Medlemer tilstades på møtet: 8** Arne Opsahl-Engen  
Kjell Dysvik  
Lisbeth Henriksen  
Astrid Helleve Fylkesnes  
Magne Kolstad  
Tor Håkon Berge

**Varamedlemer tilstades: 0**

**Meldt forfall: 2** Vetle Karlsen Eide  
Margun Mikkelsen Tordal

**Andre:** Olav Skeie Lid, sekretær

**Møteleiar:** Kjell Dysvik

Saker som vart drøfta: Sak 06/25 til og med sak 11/25

## **Sak 06/25 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat**

*Samrøystes vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 10. januar vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde: Astrid Fylkesnes og Magne von Krogh Kolstad.*

## **Sak 07/25 Meldingar**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd tek framlagde meldingar til vitande. Fellesrådet set pris på at arbeidet inn mot Riksantikvar og Kyrkjebevaringsfondet har bore frukter, og rettar ein takk til sekretæren for vel utført arbeid.*

- Julie Haaberg har takka ja til stillinga som kateket i tida fram til 1. juni 2025, slik at årets konfirmantar får den undervisning dei har krav på. Ho vert tilsett i i 50% stilling, og tek hand om alle fellessamlingar t.d. leir avvikling, og i tillegg tek ho ansvar for Øystese/Ålvik sokn, og Vikøy sokn. I Strandebarm sokn tek sokneprest Vetle hand om det som attstår av undervisning.
- Sakshandsamar Inger Karin Tordal har fått auka stillinga si frå 80% til 100% i samband med svangerskapsvikariatet til Mampion. Inger Karin går inn og tek administrasjonsbiten ut mot foreldre og direkte til konfirmantar, medan nyttilsette Julie Haaberg tek seg av den direkte undervisninga.
- Gladmelding: Kyrkjebevaringsfondet har tildelt restaureringa på Strandebarm kyrkje opp til kr 4,5 mill i stønad! Dette kjem i tillegg til dei 1,5 mill som Riksantikvaren allereie har tildelt oss. I sum betyr det at Kvam herad sin sum vert redusert tilsvarende.
- Kyrkjeverja har lyst ut slåttan på kyrkjegardane i ytre strok på anbod, for å kutta kostnader. Fellesrådet får valet av tilbydar attende på sitt bord på neste møte.

## **Sak 08/25 Årsmelding Kvam kyrkjelege fellesråd 2024**

### **Å r s m e l d i n g 2024**

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner årsmeldinga for 2024, med dei endringar og justeringar som vart påpeika i møtet.*

Kvam kyrkjelege fellesråd er eit samlande organ for alle sokna i Kvam. Fellesrådet er gjennom kyrkjelova gjeven arbeidsgjevarfunksjon for alle kyrkjelege tilsette, bortsett frå prestane. Fellesrådet sin funksjon er også å syta for drift og vedlikehald av alle kyrkjene i Kvam, samt leggja til rette for gode kyrkjelege tenester for alle. Kyrkjeleg fellesråd er også offentleg gravferdsforvaltning for alle innbyggjarar i heradet, uansett trussamfunn og livssyn.

Det er Kvam herad som gjennom kyrkjelova er pålagd å syta for at fellesrådet får dei økonomiske rammer dei treng til naudsynt drift for å løysa desse oppgåvene.

Fellesrådet har i 2024 hatt fylgjande medlemmer:

1. Magne Kolstad, Vikøy
2. Astrid Helleve Fylkesnes, Vikøy, nestleiar
3. Kjell Dysvik, Øystese
4. Astrid Lunestad, Øystese
5. Margun Mikkelsen Tordal, Strandebarm, leiar
6. Tor Håkon Berge, Strandebarm
7. Ida Lindøe, Ålvik
8. Lisbeth Henriksen, Ålvik
9. Vetle Karlsen Eide, Vikøy/Strandebarm (geistleg repr.)
10. Arne Opsahl-Engen, H (heradet sin repr.)

Personlege vararepresentantar:

1. Tove Fjell, Vikøy
2. Erling Lyngset, Vikøy
3. Kjell Arne Gjøn, Øystese
4. Ruben Øystese, Øystese
5. Jorunn Brurok Lillefosse, Strandebarm
6. Renate Bakkely Nernes, Strandebarm
7. Gudveig Aga Augestad, Ålvik
8. Åshild Egdetveit, Ålvik
9. Prost Arild Hellesøy, geistleg representant
10. Gunnar Kvandal, FrP, kommunal representant

Kvam kyrkjelege fellesråd hadde i 2024 6 stk møte i samsvar med vedteken møteplan, og gjorde vedtak i 43 bokførte saker.

### **Kyrkjelege stillingar:**

Nye arbeidstakarar dette året:

- Aud Aga, ny kyrkjetenar i Ålvik frå 1. jan 2024
- Linde Ruud Hovdane, vikar som klokkar i Ålvik frå 1. aug 2024 – 30.juni 2025

Permisjonar:

- Gyda Rosseland, permisjon frå arbeidet som klokkar i Ålvik 1. aug 2024 – 30.juni 2025

Medarbeidarar som har slutta i 2024:

- Konfirmantlærer Eivind Daniel Brakvatne Røed, engasjementet gjekk ut i august 2024.
- Solfrid Lindøy, engasjementet gjekk ut i juli 2024.

Ved utgangen av året hadde fellesrådet såleis 15 personar tilsett, med tilsaman 9,23 årsverk. Dette er nedgang i høve til 2023 på 1,3 årsverk.

Desse fordeler seg slik:

Olav Skeie Lid, kyrkjevevje/dagleg leiar 100 %  
Mampion Andriamandimby, kateket 100 %  
Sevinj Asgarova, kontor 100 %  
Bjørn Kåre Thorvaldsen, kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar 100%  
Heine Ugletveit, kyrkjegardsarbeidar 100 %  
Franckie Andrianaivo, kyrkjetenar 100%  
Ulf Krupka, kontor 80 %  
Inger Karin Tordal, sakshandsamar 80 %  
Monica S. Skogvoll, kyrkjetenar 40 %  
Bryna Opdal, kyrkjelydspedagog 40 %  
Eirin Beate Åserud-Løvlid, kyrkjemusikar 33%  
Solveig Lønning Sangolt, kyrkjelydspedagog 30%  
Aud Aga, kyrkjetenar i Ålvik, 10%  
Linde Ruud Hovdane, klokkar Ålvik 7 %  
Siv Ljones, reinhaldar Strandebarm 3 %

I Øystese, Strandebarm og Vikøy sokn er det etablert klokkarteam, for å løysa desse lovpålagde stillingane. Lønsutgiftene har gått som tilskot til sokneråda i dei tre bygdene.

Når det er trong for ekstra mannskap til graving i travle tider, leiger me inn gravehjelp frå Harald Kjosås. Han har etter kvart stor kompetanse på dette, og er ei viktig brikke i det daglege puslespelet. Det er også vanskeleg å unngå å nemna Arvid Strømme sin innsats når status skal gjerast opp for 2024. Han er ofte nytta som vikar for kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar.

Trusopplærings-arbeidet vårt fekk eit solid løft også dette året. Det var rom for både å auka stillingar, og tilsetja nye vikarar, i blind tillit til at dette i neste omgang fører til kompensasjon for desse utgiftene gjennom auka tilskot frå bispedømekontoret. Bryna Opdal og Solfrid Lindøy har såleis vore gull verd i dette løftet. Det er også nødvendig å nemna Eivind Daniel Brakvatne Røed sin innsats. Hans bidrag i konfirmantarbeidet kan knapt overvurderast.

Fellesrådet vil takka tilsette og frivillige medarbeidarar for den tenesta kvar av dei gjer.

Vi vil også bera fram ei takk til dei som har slutta siste året for den tenesta dei har utført.

Likeins vil vi ynskje dei nye medarbeidarane velkomne til samarbeid og spennande utfordringar i teneste for kyrkjelydane i Kvam.

### **Budsjettmidlar/Rekneskap:**

Endeleg budsjett for 2024 var på kr 11 777 000, - der Kvam herad med sine 6 .376.115,- er største bidragsytaren. Rekneskapen for 2024 viser **eit positivt resultat på kr 223 130,-**. Dette har bl.a. å gjera med frigjeving av fiktive fondsmidlar, samt revisor sitt krav om føring av ekstra tilskot frå kommunen som dritsinntekt på det aktuelle året.

Kvam herad stilte altså opp og dekkja underskotet også for 2023 i 2.tertial 2024. Arbeidet med å kutta kostnadar har vore høgt oppe på dagsorden hjå oss også i 2024, og det er gledeleg at det gjev frukter. Opplevinga av å vera underfinansiert er likevel absolutt til stades. Den reine drifta gjekk på minus med ca 1,3 mill i 2024. Det vil såleis vera maktpåliggjande å halda trykket oppe på kostnadskutt også i inneverande år. Kommunikasjonen inn mot kommunen er god på dette punktet.

Fellesrådet kjenner likevel ikkje til forhold som ikkje går fram av rekneskapen og balansen med noter.

### **Arbeidsmiljø**

Styret vurderer arbeidsmiljøet blant dei tilsette i fellesrådet i dag som godt. Det har vore til dels krevjande utfordringar som er gripe tak i, og som ser ut til å ha funne si løysing.

Tilsette i fellesrådet har ikkje vore utsette for ulukker eller skader i samband med utføringa av sitt arbeid.

### **Likestilling**

Fellesrådet hadde ved årets utgang 16 tilsette, 11 kvinner og 5 menn. Arbeidstid og lønn er rettferdig fordelt mellom kjønna. Fellesrådet sin personalpolitikk er kjønnsnøytral på alle område. Fellesrådet består av 10 personar, der 4 er kvinner, 6 er menn.

### **Ytre miljø**

Fellesrådet driv ikkje verksemd som ureinar det ytre miljøet.

### **Kontroll og etisk standard**

Fellesrådet arbeider kontinuerleg med å forbetra rutinar og kontroll for å ivareta den høge etiske standarden som vårt arbeid må ha. Me er betrudde store verdiar, og arbeider innanfor kjenslevare felt i livet. Me må syna oss tilliten verdig kvar einaste dag.

### **Kyrkjene:**

\* Utgifter til oppvarming av kyrkjene utgjer ein vesentleg del av driftsutgiftene til fellesrådet. For tida kjøper vi straum frå Kvam kraftverk, og har også ein avtale med dei.

\* På oppdrag frå Kvam kyrkjelege fellesråd vart det gjennomført ein undersøking av alle kyrkjetaka på kyrkjene i Kvam hausten 2022. Resultatet av denne undersøkinga viste store vedlikehaldsbehov for alle kyrkjene i åra som kjem. I første omgang er det sett i gang arbeid med å restaurera Strandebarm kyrkje. Her er prosessen i god gjenge, og vil truleg vera fullført før sommaren 2025.

**\* Det er like fullt eit tankekors: kyrkjene våre har ein teknisk verdi på ca 300 mill. Med eit vedlikehaldsbehov på 2,5% av denne summen kvart år, - slik ein tenkjer om alt vedlikehald,- så skulle me brukt kr 7,5 mill på vedlikehald i året. Vårt vedlikehaldsbudsjett er på ca 100 000,- Det seier det meste.**

## Kyrkjegardane:

\* I 2024 har fellesrådet hatt avtale om stell/vedlikehald av 204 private graver. Det praktiske arbeidet har kyrkjetenarane utført ved to av kyrkjegardane. Resten har vi fått utført etter kontrakt hjå firmaet Kunststell

\* Arbeidet med slått på kyrkjegardane i indre strok i vekstsesongen har fellesrådet sytt for sjølve i 2024, der kyrkjegardsarbeidarane omorganiserte litt og fann rom og tid for dette. Det vart også tilsett ein liten bukett pensjonistar som har bistått våre folk med finpussen. Ei god ordning! I ytre strok er det Leiv Magnar Fosse som har sytt for at Strandebarm kyrkjegard og Mundheim gravplass framstår som velstelte.

\* Det må framleis sikrast nok areal til framtidig utviding av kyrkjegardane i heradet. Men me har no god oversikt over ledige graver, og me ser at det faktisk aukar med ledige graver for kvart år, på alle kyrkjegardar. Dette skuldast at mange slettar gamle graver, og at det oftast er tidlegare brukte graver som vert nytta ved gravferd. Slik sett ser det i skrivande stund ut til at kapasiteten på gravfronten er rikeleg. Me har 2500 ledige graver i Kvam, det statlege kravet er 260. (folketal x 3%)

\* Det er også sett i gang arbeid med å prosjektera inn *namna minnelundar* ved kyrkja i Norheimsund og på kyrkjegarden i Øystese. I Øystese er ein kome lengst. Her er det god von om at prosjektet i Øystese kan sjå dagens ljøs i 2025.

\* Det er også utarbeidd ein plan for den samla gravferdsforvaltninga i Kvam herad. Denne vart vedteken av fellesrådet i 2016. Denne belyser både arealtrong, avgifts- og festeproblematikk, nye gravferdsreformer, nye gravminneskikkar, gravferder for andre religionar – og mykje anna.

## Planarbeid / Mål:

\* Rekneskapstala viser eigentleg eit negativt driftsresultat, sjølv om årsresultatet er positivt, pga spesielle rekneskapsreglar. Det må likvel vera eit klart mål og arbeida mot at kyrkja er finansiert på førehand gjennom robuste driftstilskot, og ikkje i ettertid gjennom søknadar om dekking av underskot. Det siste gjev mange negative synergjar

\* Sokneråda sine lovpålagde oppgåver innan kyrkjelydsarbeid, undervisning, og kyrkjemusikk vart likevel gjennomført som planlagt . Me arbeider etter vedteken trusopplæringsplan, og plan for kyrkjemusikk.

\* Takka vere frivillig innsats og engasjement i kyrkjelydane har vi fått gjennomført mange og store viktige oppgåver utan at kostnaden vart belasta fellesrådet. Dei friviljuge i kyrkjelydane representerer ein enorm ressurs for fellerådet. Det er berre å bøya seg audmjukt i støvet.

Norheimsund 7. mars 2024.

For Kyrkjeleg Fellesråd i Kvam:

Kjell Dysvik  
leiar

Olav Skeie Lid  
kyrkjevevjerje og sekretær

### Sak 09/25 Rekneskap for Kvam kyrkjelege fellesråd for 2024

*Samrøystes vedtak: Kyrkjeleg fellesråd godkjenner rekneskapet slik den ligg føre, med notar. Det viser eit positivt årsresultat på **kr 223 130**, - Fellerådet er likevel uroa over at det positive årsresultatet løyner eit skjult driftsunderskot, som vil gje likvide vanskar gjennom året.*

### Sak 10/25 Søknad om permisjon

*Samrøystes vedtak: Heine Ugletveit får permisjon frå sitt arbeid som kyrkjegardsarbeidar i tidsrommet 1. juni 2025 til 30. november 2025. Kyrkjeverje får fullmakt til å leiga inn naudsynte vikarar, og å flytta på personell for at kabalen skal gå i hop.*

Heine Ugletveit har vore tilsett i Kvam kyrkjelege fellesråd sidan 2018. Han dreiv i mange år pelsdyrfarm i Oppdal, men denne vart lagt ned som resultat av sentrale politiske vedtak. Farmen må såleis rivast, og dette er eit tidkrevjande arbeid som vil ta fleire år. Me snakkar om nær 4 kilometer med revehus. I første omgang ynskjer Heine å ta eit halvt års permisjon, for å setja arbeidet i gang.

Kyrkjeverja har ingen vanskar med å tilrå at Heine får denne ulønna permisjonen. Han er ein høgt skatta medarbeidar som me gjerne vil behalda, og nettopp difor er ei handrekkjing som dette eit uttrykk for at me vonar at han vert verande. Tiltredes!

### Sak 13/24 Rekneskap for kyrkjebladet 2024

*Samrøystes vedtak: Kvam kyrkjeleg fellesråd tek framlagde rekneskap til vitande.*

Kvam kyrkjelege fellesråd er styre for kyrkjebladet, og har kyrkjeverja som redaktør. Bladet kjem ut 4 gonger året, og har frå 2025 alltid ein innbetalingsgiro innlagt i bladet. Bladet er no eit samla organ for alle kyrkjelydane i Kvam. Bladet vert trykt hjå Kai Hansen trykkeri i Haugesund, men vert designa og brekka her på kyrjekontoret.

Rekneskapen for kyrkjebladet skal ikkje vedtakast – det gjer ein når ein godkjenner rekneskapen for fellesrådet, der rekneskap ligg integrert. Det kan likevel vera av interesse å sjå tala for kyrkjebladet for seg. For 2024 ser dei slik ut:

<b>Inntekter:</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
Gåver	204 504,-	168 279
Lysingar:	71 000,-	40 800
<b>Utgifter:</b>		
Trykking og porto	195 000	207 208
<b>Overskot 2024</b>	<b>80 504</b>	<b>1 871</b>